



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/669 - 15/4127

Saksbehandlar:  
Toril Marie Mulen  
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:  
14.04.2015

## Søknad om midlar frå klima og miljøprogrammet i landbruket 2015

Vi, felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy, ynskjer utarbeide ein rettleiar for å få drahjelp til å formidle at:

- Landskapet har ein verdi – sjølv om den ikkje kan målast i kroner og øre. Landskapet vi bur i og driv næring i påverkar oss, men det kan variere kor bevisste vi er på at landskapet påverkar oss. Vi ynskjer påpeiking av kva kvalitetar som finst og som er med og kjenneteiknar Nordhordland
- Kystlynghei er ei form for ekstensiv drift og er ein viktig kulturbærar med ei særmerkt historie og lang tradisjon. Driftsmåten fortel ei historie om folk og landskap, og folk og identitet knytta til kulturlandskapet. Men, iogmed at det er ei ekstensiv driftsform treng kystlyngheia ekstra merksem for å verte ivareteke. Kystlyngheia er utsett for gjengroing og manglende vedlikehald gjennom lite bruk.
- I kommunen får vi ein del søknadar om deling i LNF-området, på dyrka og dyrkbar mark. Det er ein del utfordringar knytta til fritt omsettelege objekt med bustadhus i LNF-område der det er dyr og hausting av areal
- Landskapet i Nordhordland er eit sårbart landskap. Korleis tilpassa bygging av hus og vegar slik at ein i størst mogleg grad ivaretak det særmerkte landskapet?

Nordisk ministrerråd støtta i 2003 Nordisk kulturlandskapskonferanse i Ulvik i Hardanger. Fylkesmannen hadde for nokre år tilbake «biletspelet» som vart brukt i politikaroplæring for nye medlemmer i kommunestyra. Vi har bonde på Seim gard i Lindås kommune som har laga sin eigen sjølvopplevde biletspel om bruken av areal og korleis det påverkar hass virke som bonde, med vegar, frådelingar og hus inne i LNF-området.

Vi ynskjer å sette fokus på ein del av desse utfordringane knytta til kulturlandskapet, landbruksnæringa og bruken av areal. Vi søker med dette om kr 100 000 frå klima og miljøprogrammet i landbruket til å lage ein rettleiar som kan brukast i dette arbeidet knytta til formidling av lovar og reglar, og haldningar og kulturforståing ovanfor ålmenta, søkerane av tiltak i landbrukets kulturlandskap, og til politikarane, til bruk

i kvifor vi i forvaltninga agerar som vi gjer. Ei tydeleggjering av råmene vi kan agere innanfor. Vi er bundne av føringar gjennom politisk vedteken kommuneplan, og offentlegrettslege lovar og reglar. Det kommunale skjønnet er innanfor ei råme avgrensa av desse føringane som kommuneplan og offentlegrettslege lovar og reglar gir. Vi ynskjer ein rettleiar som er tydeleg på dette. Vi vil gjerne at rettleiaren kan fungere som eit digitalt dokument også – slik at det kan brukast i politikaroplæring og på nettsida til kommunen til dømes.

Det er mange kvalitetar i kulturlandskapet i Nordhordland. Dei er ikkje like openberre som i nasjonalromantikkens høgborg Hardanger. Men, like fullt har vi noko vi skal ivaretake her i Nordhordland også, og som er vel verdt å ivaretake. Vi søker om midlar til rettleiar som skal være til støtte i dette arbeidet.

**Vi søker om kr 100 000 frå klima og miljøprogrammet i landbruket for 2015 til utarbeiding av rettleiar som også kan fungere som eit digitalt dokument. Vi bidreg med ein eigendel på 50 000 kr, i avsett tidsressurs for å utarbeide eit slikt dokument.**

Med helsing

Toril Marie Mulen  
leiari Felles landbrukskontor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland                      Postboks 7310                      5020                      BERGEN